

Transport for elevar til visningsstad

Dette gjeld berre kunst- og kulturproduksjonar distribuert av Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune (HFK) dekkjer reiseutgifter for mest formålstenlege transportmiddel når vi ber skulen reise til ein annan skule eller spelestad.

Der det er høveleg, oppmodar vi skulane til å avtale felles transport.

Tinginga kan koordinerast gjennom kommunekontakten i den einkilde kommunen eller i direkte samarbeid skulane i mellom.

HFK ved underteikna, vil sjølvsagt vere tilgjengeleg dersom de ynskjer hjelp.

Leige av for eksempel buss:

Skulane tingar sjølve buss direkte frå busselskap og avtalar med dei at dei fakturerer HFK direkte.

Det vil vere ein stor fordel om de ber transportselskapet sende samlefaktura til HFK for reisene som gjeld den aktuelle produksjonen, når fleire skular deltek. Vi ynskjer derfor at de opplyser om at det kan vere fleire skular som kjem til å bestille transport til same produksjon, men kanskje på ulike tider/dagar.

HFK ber om at de nyttar elektronisk faktura.

Vår e-fakturaadresse er: **EHF: 9908:938626367**.

HFK godtek òg e-faktura i formatet e2b.

Merk med nummer:

14333 + namn på den aktuelle produksjonen i referansefeltet

Vi minner om at det er svært vanskeleg å endre på dei oppsette tidene og ber skulane om å møte fram i god tid før framsyninga tek til (min. 15 minuttar).

Guro Strand

Kultur- og idrettsavdelinga I Seksjon for kunst- og kulturformidling

guro.strand@hfk.no dks@hfk.no